

Ludvig Hope og dagens kyrkjesituasjon

Det er lenge sidan Ludvig Hope døydde, men han spelar stadig ein rolle i debatten om kyrkjesyn og vurderinga av Den norske kyrkja (Dnk). Det heng saman med den sterke posisjonen han hadde i lekmannsarbeidet, særleg i Norsk Luthersk Misjonssamband, og med at han stod for eit markant kyrkjesyn. Det er alltid risikabelt å ta folk som er døde, til inntekt for sine eigne standpunkt. Ingen veit kva Hope ville meint om korleis ein burde stella seg i dagens kyrkjesituasjon. At han ville ha satsa på det frie lekmannsarbeidet, er sikkert.

I vurderinga av folkekyrkja trur eg mange misbrukar Hope sitt syn. Han hadde ein del premisser for sitt forsvar for statskyrkja. Fleire av desse er no borte. Han kunne framleis ha hevda sitt syn om at all organisasjon er stilas som vi står på medan vi byggjer den sanne kyrkja. Det var ikkje berre statskyrkja som var eit slikt stilas, men all organisering av kyrkjesamfunn og organisasjonar. Den kritikken som vert reist mot Hope på dette punkt, ved å hevda at stilastenkinga er ei form for spiritualisme, er eg ikkje sikker på treff heilt. Også for Hope var kyrkja samlinga av dei heilage der Ordet vert rett forkynt og sakramenta rett forvalta. Det dreier seg om den klassiske skjelninga mellom den ytre og synleg, og den indre og usynleg kyrkja.

Det store argumentet for Hope i forsvaret av statskyrkja var kristendomsopplæringa. Statskyrkja garanterte det konfesjonelle kristendomsfaget i skulen, og denne undervisninga var fundamentet og føresetnaden for statskyrkja. Dette var ordna i Grunnlova med plikt til slik opplæring for alle som var medlemmar av statskyrkja. Dette var den åndelege veden som lekmannsforkynninga på bedehuset kunne setja fyr i ved si vekkingsforkynning. Også kyrkja sjølv stod for viktig kristendomsopplæring, ikkje minst gjennom konfirmasjonsførebuinga. Alt dette er no borte, både formelt og reelt, og med det er bærebjelken i Hopes forsvar av statskyrkja teken bort.

Det var også ein annan førsetnad for kyrkjesynet då Hope heldt sitt vidgjetne føredrag tidleg på 1920-talet, og det var kampen mot den liberale teologien og Menighetsfakultet som utdanna teologisk konservative vekkingsprestar. Professor Ole Hallesby hadde no stige fram med stor åndeleg autoritet. Calmeyergatemøtet samla ein brei front mot den liberale teologien, og denne vart langt på veg nedkjempa i kompaniskap mellom biskopar, prestar og lekfolk. No er situasjonen radikalt endra ved at MF fremjar bibeløppløysande teologi, og Dnk har vedteke å innføra ny og vrang lære i ekteskapsspørsmålet.

Kva Hope ville sagt i dagens situasjon om kyrkjemedlemskap og engasjement i Dnk veit ingen, men han måtte i alle fall argumentert radikalt annleis enn han gjorde, om konklusjonen skulle vort den same som for snart hundre år sidan – mest truleg ville konklusjonen vorte annleis, kanskje motsett.

Johannes Kleppa

Innspel, Dagen 2016